



Arkivnr: 2017/14135-33
Saksbehandlar: Heidi Bjønnes Larsen

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		25.10.2018

Tiltak som kan bidra til å oppnå innsatsområda i "Temaplan for landbruk i Hordaland 2018-2022"

Samandrag

Juni 2018 handsama fylkestinget saka «*Temaplan for landbruk i Hordaland 2018-2022 etter høyring*» (PS 50/2018). I vedtakspunkt 3 frå handsaminga står det:

«*Fylkestinget ber fylkesrådmannen vurdere konkrete tiltak som kan bidra til å oppnå innsatsområda i planen og ber fylkesrådmannen presentere forslag til tiltak i ei politisk sak.*»

Denne saka kjem med forslag til tiltak som skal bidra til å oppnå innsatsområda i temaplan for landbruk i Hordaland.

Økonomi: Finansierast gjennom hovudsakleg statlege midlar

Klima: Kan ha positiv effekt på klima og miljø.

Folkehelse: Kan ha positiv effekt på folkehelse

Regional planstrategi: Temaplan for landbruk kan bidra til eit attraktivt og nyskapande fylke, grøn konkurransekraft og styrka jordvern.

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet vedtek dei tilrådde tiltaka slik det kjem fram av saksframlegget, og ber om at fylkesrådmannen set i verk arbeidet med tiltaka.

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 01.10.2018

Her startar saksutgreiinga

Bakgrunn

Juni 2018 handsama fylkestinget saka «*Temaplan for landbruk i Hordaland 2018-2022 etter høyring*» (PS 50/2018). Vedtakspunkt 3 frå handsaminga seier «Fylkestinget ber fylkesrådmannen vurdere konkrete tiltak som kan bidra til å oppnå innsatsområda i planen og ber fylkesrådmannen presentere forslag til tiltak i ei politisk sak.» Denne saka kjem med forslag til tiltak som skal bidra til å oppnå innsatsområda i temaplan for landbruk i Hordaland.

Medverking til utarbeiding av tiltak knytt til Temaplan for landbruk

Tiltaka er utarbeidd i samarbeid med partnerskapen. Partnerskapen referer til fagлага (Hordaland Bondelag og Hordaland Bonde og småbrukarlag), Fylkesmannen sin landbruksavdeling, Innovasjon Norge og Hordaland fylkeskommune. I tillegg er det teke omsyn til innspel frå høyringa.

Finansiering av tiltak

Tiltak knytt til «*Temaplanen for landbruk i Hordaland 2018-2022*» vert finansiert gjennom statlege midlar. Hordaland fylkeskommune får regionalutviklingsmidlar frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD). Under jordbruksforhandlingane vert det sett av midlar til rekruttering og kompetanse. Desse midlane vert overført til fylkeskommunen frå Landbruks- og matdepartementet (LMD).

«*Temaplanen for landbruk i Hordaland 2018-2022*», og då særleg innsatsområda under tema «*kompetanse og rekruttering*», vil vera førande for midlane som vert overført frå LMD saman med tildelingsbrevet frå LMD. «*Temaplan for landbruk i Hordaland 2018 – 2022*» er ein temaplan med heimel i regional planstrategi og regional næringsplan. Landbruk er ein bransje med særskilt fokus i Handlingsprogram for nærings- og lokalsamfunnsutvikling i Hordaland, og prosjekt kan bli delfinansiert frå desse midlane. Det vil òg bli lagt opp til at statlege- og andre utviklingsaktørar på regionalt nivå, kommunar, næringsorganisasjonar og andre bidreg til finansiering og gjennomføring av innsatsområda og tiltaka i temaplanen.

Tiltak

Hordaland fylkeskommune er eigar av «*Temaplan for landbruk i Hordaland 2018 – 2022*», og vil ha hovudansvaret for at det vert sett i gang arbeid knytt til innsatsområda. Gjennomføringa av temaplanen må i praksis skje i nært samarbeid med Partnerskapen, kommunane, rettleiartenestene og FoU.

Eit forslag til tiltak som kom inn under høyringa var: «*Eit tiltak for å nå måla i planen kan vere eit årleg samrådsmøte mellom aktørane som Hordaland Fylkeskommunen arrangerer. Der faglag, FMLA, kommunane, samvirkeorganisasjonane kjem med nytt om kva som rører seg innan deira organisasjon og kva dei gjer / kva som skulle vore gjort for å nå måla.*» Det er eit forslag Hordaland fylkeskommune ynskjer å ta på alvor, og det vil vere ein god måte å invitere inn til ein felles innsats for å nå måla i temaplanen. Samrådsmøte er overordna for temaplan, og er difor ikkje hekta til eit spesielt innsatsområde.

Tabellen under inkluderer alle innsatsområda i temaplanen. Nokre av innsatsområda vil bli særskilt prioritert av Hordaland fylkeskommune og partnerskapen i perioden 2018-2019. Andre aktørar vil bli invitert til å søke om midlar til utviklingsprosjekt på alle innsatsområda.

Innsatsområde	Tiltak	2018	2019	Ansvarleg
Areal og ressursgrunnlag				
Vurdere kva tiltak ein må gjennomføre for å redusere nedbygging av jordbruksareal Hordaland, og bidra til å realisere nasjonale jordvernmål.	Utarbeide og legge fram ei politisk sak som vurderer kva tiltak som må gjennomførast for at Hordaland skal bidra til at nasjonale jordvernmål blir realisert		X	HFK
	Oppmuntre til utviklingsprosjekt	X	X	Partnarskapen
Styrkje kommunane sin motivasjon for, og kompetanse om, framsynt arealplanlegging.	Plannettverksmøte om jordvern		X	HFK
	Oppmuntre til utviklingsprosjekt	X	X	Partnarskapen
Sikre gode planar for massehandtering, basert på god agronomi, i alle kommunar.	Sikre at alle kommunar og andre relevante aktørar i fylket har tilgang til handbøkene 'Jordmassar frå problem til ressurs- rettleiar for offentleg forvaltning' og 'Handbok for handsaming av overskuddsmasser'		X	HFK
	Oppmuntre til utviklingsprosjekt	X	X	Partnarskapen
Oppmuntre politikarar på kommunalt- og regionalt nivå til å gjennomføre jordvernkurs i regi av Fylkesmannen.	Sikre at politikarar på kommunalt – og regionalt nivå er godt informert om dei kurs og samlingar knytt til jordvern som vert gjennomført i regi av Fylkesmannen		X	HFK, Partnarskapen
	Oppmuntre til utviklingsprosjekt	X	X	Partnarskapen
Utvikle kommunane si rolle som rettleiar for utvikling av formelt gode og langsiktige leigeavtalar.	Oppmuntre til utviklingsprosjekt	X	X	Partnarskapen

Innsatsområde	Tiltak	2018	2019	Ansvarleg
Auka lønsemd i noverande produksjonar				
Følgje opp Regional matstrategi og tiltak forankra i UNESCO Creative City of Gastronomy med særleg fokus på auka lokal matproduksjon i relasjon til kultursektor, marin sektor og opplevingsbasert reiseliv.	Bidra til eit prosjekt som fokuserer på matidentitet for Hordaland og Vestland		X	HFK, Matarena AS og Partnarskapen
	Bidra inn i arbeidet som vert gjort lokalt i tilknytning til UNESCO Creative City of Gastronomy, samt sikre god kopling til Man and Biosphere satsinga	X	X	HFK, Bergen kommune og Partnarskapen
	Legge til rette for ein møteplass (3-4 gongar i året) for dei regionale matsatsingane (Bjørnefjorden, Hardanger, Nordhordland, Sunnhordland)		X	HFK, Matarena AS og Partnarskapen
	Bidra til gjennomføring av World Cheese Awards 2018	X		Partnarskapen, Matarena AS, Bergen kommune

	Sikre at fagskulestudiet 'Lokal Matkultur' i Ulvik er godt kopla på anna matarbeid i fylket	X	X	Partnarskapen
	Oppmuntre til utviklingsprosjekt	X	X	Partnarskapen
Bidra til auka bruk av lokalproduserte matprodukt i offentlege samanhengar, konferansar, kantinemat og mat til institusjonar	Jobbe for å få auka bruk av lokalmat inn som ein del av miljøstyringa til Hordaland fylkeskommune	X	X	HFK
	Oppmuntre til utviklingsprosjekt	X	X	Partnarskapen.
Stimulere til auka verdiskaping i verdikjeda for frukt og bær og for landbruksprodukt generelt, og auke i berekraftig produksjon av mjølk og kjøt.	Bidra til eit prosjekt for å mobilisere til auka dyrking av grønsaker i Hordaland		X	Partnarskapen
	Bidra til prosjekt for å sikre nyplanting og fornying av frukttrær		X	Partnarskapen
	Bidra til Storfeprosjekt for Vestland	X	X	Partnarskapen
	Bidra til prosjekt for auka grovfôravlningar og betre fôr kvalitet		X	Partnarskapen
	Bidra til prosjekt som kan auke konsum av sau		X	Partnarskapen
	Bidra til prosjekt som styrker sidermiljøet og aukar produksjon av sider		X	Partnarskapen
	Oppmuntre til utviklingsprosjekt	X	X	Partnarskapen
Bidra til å styrkje Inn på Tunet-gardane i Hordaland	Oppmuntre til utviklingsprosjekt	X	X	Partnarskapen
Medverke til tiltak som aukar berekraftig avverking og uttak av biomasse frå skog, samt auka bruk av trevirke.	Bidra inn i prosjektet 'Melding om Kystskogbruket 2016-2020'. Nytte Kystskogbruket si satsing på infrastruktur til å identifisere flaskehalsar i det offentlege vegnettet og legge til rette for infrastruktur	X	X	HFK
	Følge opp prosjektet «Motiv Skog-Eigedomsoverbyggande samarbeid»	X	X	Partnarskapen
	Oppmuntre til utviklingsprosjekt	X	X	Partnarskapen
Bidra til å styrkje kompetanse og skape auka interesse for fornying og skjøtsel av skogen. •	Følge opp prosjektet 'Integrert skogforvaltning og klimatiltak i risikoområdet for naturskade'	X	X	HFK, Partnarskapen.
	Bidra til eit prosjekt som ser på problemstillinga hjort og ung skog		X	Partnarskapen
	Oppmuntre til utviklingsprosjekt	X	X	Partnarskapen
Bidra til å heve kompetansen innan trebyggjeri, og leggje til rette for meir trebasert industri i Hordaland.	Følge opp prosjektet «Er det lønnsomt å bygge og drifte skoler i tre?».	X		HFK
	Vurdere om resultatane frå prosjektet over kan leggje grunnlag for ein søknad til RFF Vest.		X	HFK, BAS, HVL
	Oppmuntre til utviklingsprosjekt	X	X	Partnarskapen
Leggje til rette for urbane landbruksaktivitetar som kan bidra	Følge opp prosjektet 'Veksthus på tak'	X	X	Partnarskapen
	Følge Bybondeprosjekt	X	X	Partnarskapen

positivt til omdømebygging for landbruksnæringa.	Planlegge og gjennomføre ei førelingsrekke på Bergen offentlige bibliotek om mat/landbruk/matkultur	X	X	Partnarskapen, Bergen kommune
	Oppmuntre til utviklingsprosjekt	X	X	Partnarskapen

Innsatsområde	Tiltak	2018	2019	Ansvarleg
Kompetanse og rekruttering				
Støtte opp om eksisterande fadderordningar og vurdere om dei skal utvidast.	Følge opp prosjektet «Fadderprosjekt i landbruket»	X	X	Partnarskapen
	Vurdere om det skal bli etablert eit fadderprosjekt spesielt for fruktbønder		X	Partnarskapen
	Oppmuntre til utviklingsprosjekt	X	X	Partnarskapen
Betre omdømet til næringa og få fram gode døme på unge bønder som lukkast.	Oppmuntre til utviklingsprosjekt	X	X	Partnarskapen
Jobbe aktivt for å synleggjere landbruket som karriereveg for ungdom og bidra til å auke rekrutteringa til utdanningsprogramma innanfor produksjonsretta naturbruk	Fullføre Erasmus + prosjektet «Youth in action for a sustainable and creative gastronomy».	X	X	HFK
	Bidra til at dei vidaregåande skulane med jordbruksutdanning har godt rekrutteringsmateriale		X	HFK
	Oppmuntre til utviklingsprosjekt	X	X	Partnarskapen
Stimulere til at fleire vel landsbruksrelatert, høgare utdanning.	Oppmuntre til utviklingsprosjekt	X	X	Partnarskapen
Leggje til rette for å rekruttere inn nye grupper til landbruket.	Bidra til samarbeid mellom landbruk og FoU-miljø ved å lyse ut stipend for masteroppgåver som tek opp problemstillingar som er viktige for landbruket i fylket		X	Partnarskapen
	Bidra til gode arbeidsvilkår i landbruket		X	Partnarskapen
	Oppmuntre til utviklingsprosjekt	X	X	Partnarskapen
Bidra til at landbruket er ei attraktiv næring for begge kjønn.	Oppmuntre til utviklingsprosjekt	X	X	Partnarskapen
Leggje til rette for livslang læring for Hordalandsbonden.	Oppdatere sida landbrukskurs.no og sørge for at den fungerer fram til den eventuelt vert erstatta av ei anna side		X	HFK
	Bidra til å vidareutvikla gartnerutdanning for vaksne		X	Partnarskapen
	Oppmuntre til utviklingsprosjekt	X	X	Partnarskapen

Innsatsområde	Tiltak	2018	2019	Ansvarleg
Drivar for endring				
Støtte opp om forskning og utvikling for å få fram ny kunnskap, driftsmetodikk og digitale løysingar tilpassa produksjonar og driftstilhøve i Hordaland.	Bidra til at det vert utvikla kunnskap om mekanisering og presisjonslandbuk i fylket	X		Partnarskapen, NLR
	Evaluera Grøn FoU Vest og vurderer vidareføring		X	Partnarskapen
	Oppmuntre til forskings- og utviklingsprosjekt	X	X	Partnarskapen
Bidra til å redusere klimagassutslepp frå landbruket i Hordaland ved å støtte opp om landbruket sitt mål om å bli fossilfri innan 2030 og leggje til rette for klimavenleg og miljøvenleg gjødselhandtering.	Bidra til prosjekt om korleis bonden best kan leggje ned gjødsel		X	Partnarskapen
	Oppmuntre til forskings- og utviklingsprosjekt	X	X	Partnarskapen
Leggje til rette for samarbeid mellom landbruket i Hordaland og klynger og FoU miljø for å stimulere til næringsutvikling innan bioøkonomi.	Jobbe for å etablere biogassanlegg i Hordaland.		X	Partnarskapen
	Bidra til bioøkonomi prosjekt som undersøker moglegheitene knytt til slam frå settefisk anlegg og avfall frå landbruket.		X	Partnarskapen
	Bidra inn i søknad til NFR, «Biospectering and Biofuels» i regi av Kjemisk institutt ved UiB		X	Partnarskapen, UiB
	Oppmuntre til forskings- og utviklingsprosjekt	X	X	Partnarskapen
Stimulere til internasjonalt, næringsretta samarbeid og erfaringsutveksling, mellom anna gjennom ERASMUS+.	Bidra til at landbruksaktørar frå fylket får reise på relevant utveksling gjennom ERASMUS+.	X	X	HFK
	Oppmuntre til utviklingsprosjekt	X	X	Partnarskapen